



Type hus:

Våningshus

"Øyastugu"

Opprinneleg frå: G.Br.F.nr:

Øy nedre 21/1

Byggeår/-periode:

Opphavleg frå 1600-talet. Flytta til Jutulheimen i 1958.

Nåverande plassering: G.Br.F.nr:

Jutulheimen

Restaureringar/ombyggingar:

Oppattsett i Jutulheimen i 1958.

Omtaler/gamle bilete av bygnaden:

Frå årsmeldinga for 1957- 31/7 1963: "Sumaren 1957 vart og den gamle stugu på Øy kjøpt . Den vart fløtt og oppattsett i Jutulheimen våren 1958..... I 1959 vart gjort det meste av innreiingsarbeidet i Øyastugu. Hausten 1959 vart det lagt inn vatn der.... Hausten 1961 vart so Øyastugu fullt istandsett".

Styremøte 25.juni 1963: "Brev frå Vågå Bondekvinnelag med melding om at dei vil arbeide for Jutulheimen og at dei no vil gjeva gardiner til Øyastugu".

Frå årsmelding for 2008: "Taket på eine sida (sørsida) av Øyastugu er reparert, platonpappen var øydelagt og ein ås og noko av troa var oppråten".

Bilete av Øyastugu da ho stod på Øy: Jutulen 2008. Utlånt av Kjell Andersen (Er det Torleif som har teke bildet? - spør Kjell)